

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 077/2017 | Formannskapet i Radøy | PS   | 23.11.2017 |

| Sakshandsamar     | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-------------------|--------------|--------------|
| Arthur Kleiveland | 16/185       | 17/14128     |

### Vest brann- og redningsregion - ny drøfting

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy gjorde i møte 26. oktober 2017 (sak 50/2017) følgjande vedtak:

1. Radøy kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Radøy kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. Ordføraren er Radøy kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Radøy kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velja eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungera inntil ordinært styre vert valt av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak vert sendt sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vera på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
7. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.

Det vart lagt fram felles administrativt framlegg til vedtak til politisk handsaming i både Lindås, Meland og Radøy, der det vart tilrådd at dei tre Alver-kommunane inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion.

Radøy kommunestyre gjorde vedtak i samsvar med fellestillrådinga frå rådmennene (sjå vedtak ovanfor).

Lindås kommunestyre gjekk samrøystes i mot å gå inn i brannsamrådet:

#### **KO - 095/17 VEDTAK:**

1. Lindås kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion. Kommunestyret ser ikkje at samarbeidet tilfører noko nytt som ikkje allereie er sikra gjennom eksisterande samarbeid.
2. Kommunestyret ynskjer å ha fokus på utvikling av brann og beredskap i Nordhordland og inn i ny kommune.

Meland kommunestyre sa også nei til å gå inn i brannsamrådet. Meland kommune er med i felles brannvern med Lindås og Modalen.

#### **KS - 105/2017 VEDTAK:**

Meland kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Vi ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsamrådet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).

Radøy kommune er i prosess med etablering av Nordhordland brann og redning saman med Meland, Lindås, Austrheim og Modalen. Vi vil uansett ha eit felles brannvern i Alver kommune frå 1.1.2020, og av den grunn kan det vera utfordrande at Radøy som den einaste av dei tre Alver-kommunane går inn i brannsamarbeid Vest brann og redningsregion.

Etter at Lindås og Meland har sagt nei til å vera med i brann- og redningsregion, har rådmannen i samarbeid med ordførar funne det naudsynt å leggja fram sak til drøfting på nytt.

Rådmannen legg saka fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

#### **Formannskapet i Radøy - 077/2017**

##### **FS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland meiner det vil vera fornuftig at Radøy kommune følgjer opp Meland kommunestyre sitt vedtak i denne saka.

##### Ordføraren sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Formannskapet ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus). Vedtaket blir lagt fram for kommunestyret som melding.

Formannskapet vedtok ordføraren sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Formannskapet ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).

Vedtaket blir lagt fram for kommunestyret som melding.

##### **Vedlegg:**

Etablering av Vest brann- og redningsregion\_KS